



Toppe og Legland, her sittand til venstre, vitja Hagetunet i ettermiddag

Politikarane står i kø med budskapet sitt og ikkje minst Senterpartiet satsar sterkt på Kvinnherad. for få dagar sidan var landbruks- og matministeren her med stortingsrepresentant Kjersti Toppe i sitt følge og i dag har ho vore her att. Ho var innom Hagetunet saman med Elin Legland . Seinare var ho med i valmøtet på Husnes. Men kor store sjansar har ho for å verta attvald? Då ho kom inn i 2009 fekk ho 5,5 prosent og var representant nummer 12 av 13.

Til uskedalen.no seier ho at ho håpar på det same resultatet som sist, men ho har vore både ute og inne i meiningsmålingane og kjenner seg slett ikkje sikker.

- Og kva er din personlege prognose for partiet på landsbasis?
 - Sjølv sagt at det kjem over sperregrensa. Lat meg tippa at vi får 5,8, seier Kjersti som har vore innom dei fleste kommunane i Hordaland som eit ledd i kampen om røystene. Naturleg nok har Bergen, der ho høyrer heime, vore gjenstand for merksemd. Men også i Kvinnherad har ho altså vore ganske ofte.

Ho og sjåfør Elin kom forresten noko forseinka til Uskedalen fordi dei måtte byte bil av ein banal årsak: Dei fylte bensin på ein dieselbil. Med andre ord er det ikkje mogeleg å få eit vellukka utfall av ein slik operasjon sjølv om partiet har olje- og energiministeren!

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen